



Aktivitetshuset skal utviklast vidare. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Fylkesidrettssjef Britt Karen Spjeld roste under ei synfaring i Aktivitetshuset onsdag Uskedalen for at dei allereie no tenkjer vidareutvikling av Aktivitetshuset.

Dei nye planane inkluderer styrkerom, som kanskje blir klart rett over nyttår, klatrevegg (flytta frå Seim) og mogleg ei scene, skriv Grenda.

- Utfordringane er å tena nok pengar, og det er ei lita bygd vi bor i, vedgjekk styremedlem Vidar Haugland.

Bygget er no i prinsippet ferdig sjølv om det står att noko småarbeid. Etter ein kontroll måndag vart det gjeve munnleg tilsegn om ferdigattest slik at fristen 1. desember for tildeling av spelemidlane vart innfridd, etter ein stor dugnadsinnsats utover hausten.

Av Ola Matti Mathisen